



Notat

Dato: 08.09.2015
Arkivsak: 2014/15942-15
Saksbehandlar: nilvetl

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Kommunereformen - frist for å søkje om økonomisk støtte

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 27. august 2015 er det under RS 197/Referatsaker teke inn følgjande:

«I samband med RS 132/15 «Invitasjon til å delta i reformprosessen» bad **Mona Hellesnes** om at det vert undersøkt om det er ein frist for å søkje om økonomisk støtte.»

Fylkesrådmannen har vore i kontakt med Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har gjeve følgjande svar på spørsmålet om søknadsfrist:

«I statsrådens invitasjonsbrev til fylkeskommunene datert 2. juli 2015, er det gjort rede for de økonomiske virkemidlene som gjelder ved fylkessammenslåinger. Det er ikke satt frister for søknad, men utgangspunktet er at arbeidet bør igangsettes relativt raskt, og ferdigstilles før det skal gjøres endelige vedtak høsten 2016.

Støtten til utredning utbetales når det er gjort sammenfallende vedtak i de fylkeskommunene som ønsker å utrede sammenslåing, og det er mulig å sende inn søknad allerede i 2015. Støtte til informasjon og folkehøring utbetales når det er gjort vedtak om hvordan fylkeskommunene planlegger å høre innbyggerne. Sett ut fra tidsplanen kan det være hensiktsmessig at disse vedtakene gjøres i samme fylkestingsmøte.»